

Fra: Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

Sendt: 21.10.2020 08:39:12

Til: Politisk

Kopi: Jon Askeland; Rune Haugsdal; Haugland, Nils; Morten Klementsen (morten@klementsen.net)

Emne: Spørsmål til Finansutvalet. Overføring av > 650 MNOK bybanevogngjeld for å betre gjeldsgraden

Vedlegg:

Overføring av > 650 MNOK bybanevogngjeld for å betre gjeldsgraden

I møte i finansutvalet 17.september 2020 opplyste fylkesrådmannen følgjande :

Det vert synt til prosessvedtak i førre finansutval der fylkesrådmannen vert beden om å klargjere korleis tidlegare bybaneinvesteringar samt investeringar til bybanevogner inngår, eller ikkje inngår i den samla gjeldsgraden for Vestland fylkeskommune på 115 %. Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande: Utbygging av bybanen frå Bergen sentrum til Flesland har i all hovudsak vorte finansiert med bompengar og statstilskot. Ordninga med bompengar er slik at bompengeselskapet tek opp lån til bygginga. Lånet vert nedbetalt med bompengar som bompengeselskapet krev inn. På denne måten inngår ikkje bompengelån i fylkeskommunen si gjeld, men ligg i rekneskapen til bompengeselskapet Ferde AS. Fylkeskommunen har garantert for desse låna. Ferde AS sine lån til bypakke Bergen utgjorde 5,27 mrd. kr ved siste årsskifte. Denne summen omfattar meir enn berre bybanen, men bybanen er det klart største prosjektet. Bybanevognene er i all hovudsak finansiert av fylkeskommunen med lån og inngår dermed i lønegrjelda som er rekna med når ein ser på kva som er innanfor grensa for lønegrjeld på 115%. Ein vil anslå at lån som er nytta til finansiering av bybanevogner utgjer om lag 650 mill. kr ved inngangen til 2020.

Ettersom gjeldsopptaket som Vestland fylkeskommune har i samband med bybanevogner allereie er rundt 650 millionar kroner, er det grunn til å tru at lønegrjelda til vognkjøp vil auke ytterlegare i samband med innkjøp av vognsett til bybanen til Fyllingsdalen.

Vestland fylke står overfor store investeringsbehov innan samferdsle. Fleire er viktige prosjekt som kan måtte vente på ubestemt tid på grunn av den økonomiske situasjonen. Ein kan her nemne Svelgen- Indrehus (ca 1400 MNOK) , tunnell/sikring av rasfarleg parti Heilevang FV 609 Askvoll (ca 550 MNOK). Dette er ein følgje av at Vestland må forhalde seg til handlingsregelen på maksimalt 115% gjeldsgrad.

Det framstår dermed i aukande grad som urimeleg at fylkeskommunen framleis skal bære gjelda til bybanevogninvesteringar i Bergen , sidan denne gjelda blokkerer for viktige andre prosjekt.

Spørsmål til fylkesordførar og fylkesrådmann:

1. Kor stor kan den samla bybanevogngjelta bli når Fyllingsdalbanen er sett i drift?
2. Kva modellar kan vere mogeleg for å få overført bybanevogn-gjelta til andre (Bybanen AS, bompengeselskapet, Miljøloftet, andre) , slik at Vestland fylkeskommune eventuelt berre står att med eit lønegrantiansvar?

Helsing

Knut Inge Andersen
Utvalsmedlem Finansutvalet

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you